

Rapport frå generalforsamlinga i Origod 31.03.14.

Marit Barsnes Krogsæter møtte på generalforsamlinga for Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Origod er ei attføringsverksemd som har som oppgåve å hjelpe arbeidssøkande tilbake til arbeidslivet. Dei tilbyr og hjelp til arbeidstakarar for å hindre uønskt avgang frå arbeidslivet. Dei har opplæring for menneske som treng hjelp til å komme ut i ordinært arbeid.

Origod har rammeavtale med NAV fram til 2015.

Origod er med i NHO prosjektet « Ringar i Vatn»

Etter oppdrag frå Utlendingsdirektoratet og Astero i Molde, og i samarbeid med KF Innvandrarsenteret i Flora kommune, har Origod gjennomført grunnleggande sveisekurs for 6 asylsøkarar som hadde fått avslag på opphald i landet. Formålet med sveiseopplæringa var å gje dei ein kvalifikasjon som dei kunne nytte i heimlandet.

I tillegg har dei Libra kosthalds- og livsstilsrettleiing, arbeidstrening for innvandrar og avtale med Flora kommune om drifta av Alderssenteret Havglytt.

Framtidsutsiktene ser bra ut for neste år og åra framover.

Origod hadde eit overskot i 2013 på godt 800 000 dette vert tilført eigenkappitalen.

Drifta i selskapet er god. Ein stor del av dei som sluttar på Origod kjem enten ut i arbeid eller annan aktivite. (ca. 83 %)

Fylkeskommunen bør fortsett som eigar i selskapet ut frå eit samfunnsansvar.